



Dato: 27.03.2008

Til

Alle skyttarlag i Det Frivillige Skyttervesen

Velkommen til Landsskyttarstemne 2008 i Førde

Førde skyttarlag inviterar med dette skyttarar, deira familiar og reisefølgje til minnerike dagar i Førde i perioden 25. juli til 2. august. Dette er tredje gang vi arrangerer Landsskyttarstemne i Førde og vi ser fram til dette med både spenning og forventning.

Skytebanene

Vi avviklar baneskytingane på same arena som sist, på Førde Skyttarstadion i Kråkenesmarka ca. 8 km vest for Førde sentrum. Feltskytinga vert også gjennomført i same område som sist, finfelten like ved skytebanene og grovfelten ca 1,5 km vest for skytebanene. Opprop av grovfelten vert i Førde, like ved den største skyttarcampinga, og deretter lagvis busstransport til feltløypa. Dei andre oppropa er på skytebaneområdet, der også skytekort vert utdelt.

Modernisert stadion

Stemneområdet er modernisert sidan sist for å tilfredstille dagens krav til arrangementet. Blant anna er publikumsområdet utvida, det er laga ny finalearena for felthurtigskyting, og det er også opparbeidd nye parkeringsplassar i nærleik av skytebana. Spikartenesten er det Nordic Arena A/S v/ Tor Idar Aune som skal ta seg av. Saman med skyttarradio, storskjerm og resultatavler vil publikum få best muleg resultatsørvis.

Innkvartering

Det blir etablert to skyttarcampar like ved Førde sentrum, pluss nokre mindre i tilknytning til skular i Førde. Toalett med vask vert plassert i campingområde. Dusjmulegheiter er planlagt i idretts- og kulturbygget Førdehuset, der det også er symjebasseng. Avstanden frå campingplassen vil variere frå 2-300 meter til 1.5 km.

I samarbeid med det lokale energiselskapet ynskjer vi å tilby elektrisk straum som ei standardheving på skyttarcampen i 2008. Vi har planlagt straum til alle campingområda, men dette er avhengig av kor stor interessa blir for dette. Det vil koste 400 kr ekstra pr vogn/telt. Men vi kan ikkje dimensjonere eit midlertidig nett til samtidig koking og oppvarming i alle vogner, så det er rekna med ca 500 W pr vogn.

Deltakarar i same skyttarlag vil bli plassert saman, men viss nokre vil ha straum og andre ikkje, vil dei bli plassert på ulike område eller campingar. Det er derfor viktig ved påmelding til Skyttarcampen at de gir uttrykk for om de ynskjer straum eller ikkje.

Påmelding til skyttarcampene skal som hovudregel skje via internett. Det er lagt ut link på vår nettside www.ls2008.no der de kan sende inn påmeldingsskjema. Vedlagt følgjer også meir info

Side 1 av 5

Hovudsponsarar for LS2008 er:



om innkvartering. **Frist for påmelding til skyttarcampene er 1. mai.**

Påmelding til stemnet

Påmelding til konkurransane i årets Landsskyttarstemne skjer gjennom skyttarlaget til DFS og dei vil sende ut informasjon med påmeldingsfrist m.m. i løpet av april.

Gåvepremiar

Som ved tidlegare Landsskyttarstemne inviterer vi alle skyttarlag til å vere med å spleise på gåvepremiar. Vi vil gjerne at skyttarar som utmerkar seg i dei ulike øvingane får med eit litt ekstra minne frå LS-2008 i form av ein gåvepremie. Vi satsar på innkjøpt bestikk, så derfor er det mest praktisk at de gir pengar til kassa for gåvepremiar. Pengar til gåvepremiar kan settast inn på vår konto: 3705 10 42779 og merkast med ”gåvepremiar”.

Vi vil gjere vårt yttarste for å gi et godt sportsleg tilbod til skyttarane og ei triveleg ramme rundt arrangementet. Vi håpar mange tek turen til Førde for å delta på årets Landsskyttarstemne, og vi ynskjer alle hjerteleg velkomne!

Med skyttarhelsing

Christian Rekkedal
leiar hovudstyret

Vedlegg: - Orientering om innkvartering under LS-2008
- Påmeldingsskjema til skyttarcampen

